

Årsmelding 2020

Samlaget

Årsmelding 2020

Vedtektene § 1

Stiftinga Det Norske Samlaget er ei sjølvveigande, forretningsdrivande stifting som har til oppgåve å gi ut skrifter på nynorsk og norske målføre. Stiftinga skal fremje kunnskapen om norsk mål og odle og styrkje nynorsken som kulturmål i litteratur, undervisning og alt samfunnsliv elles.

Verksemda/samfunnsoppdraget

Samfunnsoppdrag til Samlaget er å syte for at det fins eit rikt utval av nynorsk litteratur på tvers av sjangergrensene. Forlaget bruker derfor store ressursar på å rekruttere og utvikle nynorskskrivande.

Det er totalt sett uvisst om det økonomiske resultatet for 2020 er påverka av korona-nedstenginga i mars–juni. I perioden mellom 12. mars og påske stoppa boksalet heilt opp. I perioden etter påske og fram til ferien kom boksalet gradvis tilbake, og i september nådde det normalt nivå. Siste kvartalet viste ein sterk etterspurnadsvekst frå 2019. Samlaget valde å satse offensivt og bruke ledige ressursar og kapital i nedstengingsperioden i vår for å auke lydfilproduksjonen. Kostnadane på kr 1,5 mill. er tekne over resultatbudsjettet.

Nokre høgdepunkt

- Total omsetninga var på kr 60,7 mill., salsinntektene var på kr 36,6 mill.
- Boksalet gjennom bokhandel gjekk opp med 5% frå 2019. Innkjøpet frå Norsk Kulturråd gjekk ned med 43% frå 2019.
- Jon Fosse sitt storverk *Septologien* blei lansert med bok III–V: *Eg er ein annan*.
- Samlaget markerte seg sterkt som sakprosaforlag i 2020 med utgivingar som *Eit hemmeleg liv* av Sigrun Slappgard, *Livvakt* av Simon Frammarsvik Solheim, *Bibelens kvinner* av Alf Kjetil Walgermo, *Mjøsa rundt med mor* av Bjørn Hatterud, *Verda mi smeltar* av Line Nagell Ylvisåker, *Med berre nevane* av Siri Helle og *Mørke* av Sigri Sandberg.
- Sigrun Slappgard blei også nominert til Brageprisen for *Eit hemmeleg liv*. Det same gjorde Olaug Nilssen for *Yt etter evne, få etter behov*.
- Ungdomsromanen *Høgspenning livsfare* av Helene Guåker blei nominert til Brageprisen.
- Olaug Nilssen gav ut *Yt etter evne, få etter behov*, som blei nominert til Bokhandlarprisen.
- Helene Guåker, Jon Fosse og Bjørn Hatterud er nominerte til Kritikarprisen
- Elena Ferrante kom med ny roman, *Dei vaksnes løgnaktige liv*.
- Pr. 31.12.20 har Samlaget ein lydfilportefølje på 200 titlar.

Marknadssituasjonen

Den norske allmenmarknaden for litteratur gjekk ifølgje Bransjestatistikken fram med 5,4 % om ein held strøyming utanom. Lytting til lydfiler utgjør over 1/3 av det totale litteraturforbruket og ser ut til å halde fram den kraftige omsetningsveksten. For Samlaget gjekk boksalet opp med 5 % frå 2019. E-boksalet gjekk opp med 30 %, og lydfilsalet dobla seg frå 2019 til 2020. Direktesalet frå forlaget ligg på same nivå som for 2019. Vi ser at direktleskanalen er viktig for marknadsføring og sal av bøker som får mindre eller inga merksemd i bokhandelen, og bøker som ikkje blir kjøpte inn av Kulturrådet

til biblioteka. Dette gjeld til dømes viktige sjangrar som letlesne bøker, sakprosa for barn og unge og bøker i serie for barn og unge.

Overordna mål

Samlaget skal vere:

- eit leiande skjønnlitterært forlag – og den viktigaste aktøren for nynorsk litteratur
- eit samfunnsengasjert forlag med rot i det motkulturelle
- eit forlag som tek språk på alvor
- eit forlag som prioriterer kvalitet i alle sjangrar: skjønnlitteratur, sakprosa, pensumlitteratur og ordbøker

Forretningsidé

Samlaget skal tilby lesaren eit breitt utval av nynorsk litteratur gjennom å utvikle forfattarskapar og selje litteratur av høgaste kvalitet.

Årsrekneskapen

Årsrekneskapen er sett opp ut frå føresetnaden om vidare drift. Årsresultatet etter skatt for 2020 blei på kr 0,9 mill. mot minus kr 2,6 mill. i 2019. Dei totale driftsinntektene enda på kr 60,7 mill. mot kr 61,8 mill. i 2019.

Styret legg til grunn at drifta held fram, og stadfestar at føresetnadene som rekneskapen er gjord under, er til stades.

Grunnkapitalen var kr 8 mill. per 31.12.2020, og forlaget hadde kr 31,2 mill. i annan eigenkapital. Styret har fastsett at årsresultatet etter skatt i 2020 på 0,9 mill. blir ført over til annan eigenkapital. Forlaget har etter dette ein eigenkapitaldel per 31.12.2020 på 63%.

Det Norske Samlaget har forretningskontor i Oslo.

Styret

Frå våren 2019 blir styret i stiftinga, utanom dei tilsette sin representasjon, valt av årsmøtet i Litteraturselskapet. Medlemmer i Litteraturselskapet Det Norske Samlaget har røysterett på årsmøtet.

Grunna koronanedstenginga i april blei årsmøtet utsett til 9. september og til sist gjennomført som skjermmøte. Fram til årsmøtet i Litteraturselskapet 9. september 2020 var desse med i styret: Kari Bjørke (styreleiar), Espen Udland (nestleiar), Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg, Erik Bolstad og Cecilie Seiness (vald av dei tilsette, med vara David Allan Aasen). Varamedlemmer: Hege Myklebust og Eli Ulvestad.

Etter årsmøtet har styret vore samansett slik: valde av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget: Gunnar Hæreid (styreleiar), Espen Udland, Bjarne Tormodsgard, Sigrun Høgetveit Berg og Erik Bolstad. Varamedlemmer: Hege Myklebust og Eli Ulvestad. Valde av dei tilsette: Cecilie Seiness som styremedlem og David Allan Aasen som varamedlem. Styret valde Espen Udland som nestleiar.

Finansiell risiko

Marknadsrisiko: Forlaget er eksponert mot endringar i rentenivået, store delar av innskotet har flytande rente og gir lita avkastning på grunn av det generelle rentenivået. Selskapet har også kr 12 mill. plassert i pengemarknadsfond og aksjefond med moderat til låg risiko.

Kredittrisiko: Brutto kredittrisiko på balansedagen utgjer kundefordringar på totalt kr 9,1 mill. Det er ikkje inngått avtalar om motrekning eller andre finansielle instrument som minimerer risikoen i forlaget.



Likviditetsrisiko: Styret vurderer likviditeten i selskapet per 31.12.20 som god. Likviditetsprognosen for 2021 er god. Samlaget har likviditet til eventuelt å stå imot ei lengre nedstenging av bokhandel som følgje av koronapandemien.

Helse, miljø og tryggleik

Det totale sjukefråværet siste året var 255 dagar, som utgjer 5 % av total arbeidstid, mot 5 % i 2019. Det Norske Samlaget har avtale om «Inkluderande arbeidsliv». Det er ikkje rapportert om skadar eller ulykker på arbeidsplassen siste året. Forlagsdrifta fører ikkje med seg ureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Forlaget har kjeldesortering.

Likestilling

Ved utgangen av 2020 var kvinnedelen i leiinga på 33,3 % og delen kvinner i styret 33,3 %. Fordelinga varierer frå år til år, og det blir alltid gjort val av underrepresentert kjønn, både ved tilsetjingar og ved val av styrepraesentantar, dersom kvalifikasjonane elles er like. Prinsippet om lik lønn for likt arbeid blir halde ved like gjennom eige lønssystem. Forlaget har eit overordna likestillingsmål som er utarbeidd i samarbeid med dei tillitsvalde. Dette ligg til grunn for likestillingsarbeidet i verksemda.

Utsiktene for 2021 – føresetnad for vidare drift

2020 starta med oppgang i litteratureterspurnaden fram til 12. mars og slutta av med eit fjerde kvartal som løfta allmennmarknaden opp 5 % frå 2019. Skulle vi igjen oppleve langvarig nedstenging av større delar av landet, vil styret vurdere når det eventuelt er naudsynt å tilpasse drifta til dei gjeldande marknadsforholda. I utgangspunktet har Samlaget likviditet til å stå imot verknadane av ei lengre nedstenging. Ved å gjere tiltak kan den perioden utvidast monaleg. Styret vurderer derfor risikoen i samband med pandemien som rimeleg kontrollerbar.

Strøymetenester som Storytel og Fabel veks raskt og vil halde fram med det i 2021. I tillegg kjem det nye aktørar til. Svenske Nextory vil våren 2021 styrkje konkurransen i feltet og gi Samlaget betre distribusjon av lydfiler. Det er framleis uvisst kva strøymemarknaden vil bety for storleiken på totalmarknaden og lesinga over tid. Kjem lytting til å ete av lesekontoen, eller kjem lytting til å utvide litteraturforbruket? Behovet for historier, kunnskap og underhaldning vil derimot ikkje forsvinne. Forlaget si oppgåve er å sikre at den nynorske litteraturen er til stades når historier blir fortalde på nye måtar. Samlaget planlegg derfor å investere vidare i lydfilporteføljen i 2021, både av økonomiske og språkpolitiske omsyn. Sistnemnde er for å sikre at det er mest mogleg nynorsk litteratur tilgjengeleg på lydformat.

Styret vil rette ei varm takk til det store laget som er engasjert i og rundt Samlaget. Forfattarane, frilansarane, frivillige og tilsette utgjer Samlaget og gjer ein stor og sterk innsats for den nynorske litteraturen. Takka omfattar også medlemmene av Litteraturselskapet Det Norske Samlaget og Vennelaget Samlagsrota.

Oslo, 17. februar 2021

Gunnar Hæreid
styreleiar

Espen Udland
nestleiar

Bjarne Tormodsgard

Sigrun Høgetveit Berg

Cecilie Seiness

Erik Bolstad

Edmund Austigard
adm. direktør



Verifikasjon

Transaksjon 09222115557442175203

Dokument

Årsmelding 2020 Stiftinga DNS

Hoveddokument

4 sider

Initiert på 2021-02-17 16:44:40 CET (+0100) av Edmund Austigard (EA)

Ferdigstilt den 2021-03-01 12:59:03 CET (+0100)

Signerende parter

Edmund Austigard (EA) Stiftinga Det Norske Samlaget <i>e.austigard@samlaget.no</i> +4748201320 <i>Signert 2021-02-17 16:44:41 CET (+0100)</i>	Gunnar O. Hæreid (GOH) <i>fmsfgoh@fylkesmannen.no</i> <i>Signert 2021-03-01 12:59:03 CET (+0100)</i>
Erik Bolstad (EB) <i>bolstad@snl.no</i> <i>Signert 2021-02-18 13:44:33 CET (+0100)</i>	cecilie seiness (cs) <i>c.seiness@samlaget.no</i> <i>Signert 2021-03-01 11:50:39 CET (+0100)</i>
Bjarne Tormodsgard (BT) <i>Bjarne.Tormodsgard@hallingdolen.no</i> <i>Signert 2021-02-17 20:04:02 CET (+0100)</i>	Sigrun Høgetveit Berg (SHB) <i>sigrun.hogetveit.berg@uit.no</i> <i>Signert 2021-02-17 17:10:50 CET (+0100)</i>
Espen Udland (EU) <i>Espen@startsiden.no</i> <i>Signert 2021-02-18 06:57:13 CET (+0100)</i>	

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>



Resultatrekneskap

Stiftinga Det Norske Samlaget

Alle tal i heile tusen

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2020	2019
Driftsinntekter			
Salsinntekt		36 641	40 723
Andre driftsinntekter	1, 2	24 089	21 117
Sum driftsinntekter		<u>60 730</u>	<u>61 840</u>
Produksjonskostnader		23 271	27 576
Lønnskostnad	3	22 391	21 401
Avskrivning	4	91	160
Tap på fordringar	7	-115	146
Andre driftskostnader		14 094	16 025
Sum driftskostnader		<u>59 732</u>	<u>65 308</u>
Driftsresultat		<u>998</u>	<u>-3 468</u>
Finansinntekter og finanskostnader			
Renteinntekter		274	337
Anna finansinntekt		101	27
Pantegjeldsrenter		-2	-3
Annan finanskostnad		-127	-31
Resultat av finanspostar		<u>246</u>	<u>330</u>
Ordinært resultat før skatt		1 244	-3 138
Skattekostnad på ordinært resultat	5	365	-592
Ordinært resultat		<u>879</u>	<u>-2 546</u>
Ekstraordinære inntekter og kostnader			
Årsresultat		<u>879</u>	<u>-2 546</u>
Overføring			
Overføring fra annan eigenkapital	8	-879	2 547
Sum overføringar		<u>879</u>	<u>-2 547</u>

Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

	Note	2020	2019
Eigedelar			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Utsett skattefordel	5	1 574	1 879
Sum immaterielle eigedelar		1 574	1 879
Varige driftsmidler			
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar o.l.	4	275	194
Sum varige driftsmidler		275	194
Finansielle anleggsmidler			
Aksjar og verdipapirfond	6	12 591	12 513
Sum finansielle anleggsmidler		12 591	12 513
Sum anleggsmiddel		14 440	14 586
Omløpsmidlar			
Varelager	10	1 649	2 164
Kundefordringar	7	9 052	5 750
Andre fordringar		2 645	1 963
Bankinnskot, kontantar og liknande	11	21 735	23 444
Sum omløpsmidlar		35 081	33 321
Sum eigedelar		49 521	47 908



Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

	Note	2020	2019
Eigenkapital og gjeld			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	8	8 000	8 000
Sum innskoten eigenkapital		8 000	8 000
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	8	31 200	30 321
Sum opptent eigenkapital		31 200	30 321
Sum eigenkapital		39 200	38 321
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandører		1 677	1 518
Betalbar skatt	5	60	61
Skuldige offentlige avgifter		2 626	2 265
Skuldig royalti		2 032	2 446
Tilskot bøker i arbeid		447	160
Anna kortsiktig gjeld		3 479	3 138
Sum kortsiktig gjeld		10 321	9 588
Sum gjeld		<u>10 321</u>	<u>9 588</u>
Sum eigenkapital og gjeld		49 521	47 908



Balanse

Stiftinga Det Norske Samlaget

Oslo, 17.02.2021

Styret i Stiftinga Det Norske Samlaget

Espen Udland
nestleiar

Bjarne Tormodsgard
styremedlem

Edmund Austigard
dagleg leiar

Cecilie Seiness
styremedlem

Sigrun Høgetveit Berg
styremedlem

Erik Bolstad
styremedlem

Gunnar Ove Hæreid
styreleiar



NOTAR TIL REKNESKAPEN 2019

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova 1998 og god rekneskapsskikk for små foretak. Han byggjer på dei grunnleggjande rekneskapsprinsippa om historisk kost, samanstilling, kongruens, aktsemd og at drifta held fram. Alle tall vises i heile tusen.

Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Med leveringstidspunktet er det meint tidspunktet for overføring av risiko og kontroll knytt til levert vare.

Utviklingskostnader

Alle kostnader knytte til prosjekt og marknadstiltak blir belasta rekneskapen etter kvart som dei kjem på.

Skatt

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både den betalbare skatten i perioden og endring i utsett skatt. I tillegg til ordinær skatt på overskot betalar stiftinga formuesskatt på netto formue. Betalbar skatt er utrekna på grunnlag av det skattemessige resultatet for perioden. Utsett skatt er rekna ut med 22 % på grunnlag av dei mellombelse skilnadene mellom rekneskaps- og skatteverdiane, og underskotet ved utgangen av rekneskapsåret som kan framførast i likninga. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som reverserer eller kan reverserast i den same perioden, er utlikna og nettoførte. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje er utlikna og underskot til framføring, er grunnlagt med venta framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, er oppført netto i balansen.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Eigedelar bestemte til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Eigedelar som er knytte til varekrinsløpet, er klassifiserte som omløpsmidlar. Fordringar er klassifiserte som omløpsmidlar dersom dei skal betalast tilbake innan eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld er analoge kriterium lagt, til grunn.

Omløpsmidlar er vurderte til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmidlar er vurderte til kostpris. Varige driftsmidlar er balanseførte og blir avskrivne over driftsmidle si økonomiske levetid. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er venta å vere forbigåande. Nedskrivninga blir reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades. Langsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar er balanseførte og avskrivne lineært over driftsmidlane si forventa levetid dersom dei har ei vurdert levetid over 3 år og ein kostpris som overstig kr 15 000. Vedlikehald av driftsmidlar er kostnadsført etter kvart under driftskostnader. Påkostingar eller forbetringar er lagde til driftsmidelen kostpris og avskrivne i takt med driftsmidelen. Skiljet mellom vedlikehald og påkosting/forbetring er rekna i forhold til den stand driftsmidelen er i ved kjøp.

Leasing



Forlaget har berre leasingavtalar som blir klassifiserte som operativ leasing. Leasing av driftsmidlar er kostnadsført. Forskotsbetalingar er balanseført som forskotsbetalte kostnader og fordelte over leasingperioden.

Aksjar og andre verdipapir

Aksjar for varig eige blir ført i balansen som anleggsmidlar til historisk kost, eventuelt nedskrivne til verkeleg verdi dersom denne er lågare og dette ikkje berre er kortvarig. Motteke utbytte blir registrert som inntekt i det året det er blitt motteke.

Investeringar i andre selskap

Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre selskap. Utbytte frå investering i andre selskap blir rekneskapsført som finansinntekt når utbytte er vedteke.

Varelager

Boklageret er verdsett rekneskapsmessig til lågaste av kostpris eller salspris fråtrekt salskostnader på dei bøkene som er rekna med vil bli selde. I utrekninga av kostpris er det teke omsyn til direkte tilskot til den enkelte boka. Det blir gjort nedskrivning for pårekneleg ukurans.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppførde i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til venta tap. Avsetning til tap er gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg er det for andre kundefordringar gjort ei uspesifisert avsetning for å dekke vurdert tap.

Andre fordringar

Forskotsbetalt ikkje opptent royalty klassifiserast i balansen under andre fordringar. Forskotsbetalingar som ikkje er opptent og eldre enn tre år tapsførast. I tillegg er det gjort individuelle vurderingar av dei gjenståande uteståande fordringane.

Pensjonar

Selskapet har ei innskotsbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetaling til forsikringselskap. Selskapet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskot er betalt. Innskot rekneskapsførast som lønnskostnad..

Note 1 Tidsskriftsal

	2020	2019
Syn og Segn	582	667
Sum	582	667



Note 2 Tilskot

	2020	2019
Statstilskot	19 195	17 720
Skuleboknemnda til Studentmållaget i Oslo	-240	-240
Andre tilskot	2 983	2 626
Sum	21 938	20 106

Note 3 Lønnskostnader og ytingar, godtgjeringsar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader	2020	2019
Lønningar	17 458	16 792
Arbeidsgivaravgift	2 647	2 636
Pensjonskostnader inkl. aga	1 351	1 244
Andre ytingar	935	729
Sum	22 391	21 401

Gjennomsnittleg tal på tilsette i 2020 er 22.

Pensjoner

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon.

Ytingar til leiande personar	Dagleg leiar	Styret
Lønn	1 575	413
Sum	1 575	413

Selskapet har overfor dagleg leiar forplikta seg til å yte eit sluttvederlag som tilsvarar 75 % av gjeldande årslønn på oppseiingstidspunktet. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd til dagleg leiar, styreleiar eller andre nærstående partar. Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

Revisor

Det kostnadsførte revisjonshonoraret for 2020 utgjer Tkr 152.

I tillegg kjem honorar for andre tenester med Tkr 53.

Revisjonshonoraret er eksklusiv meirverdiavgift.

Styrehonorar

Styrehonorar dekkjer både styret i Stiftinga, styret i Litteraturselskapet (medlemslaget) og styret i Rådet. Beløpet deler seg slik på dei:

Stiftinga Det Norske Samlaget: 373

Litteraturselskapet: 23

Rådet: 17

Totalt: 413

Note 4 Anleggsmidler

	Driftslausøyre, inventar o.l.
Innkjøpskostnad per 01.01.2020	7 318
Tilgang kjøpte anleggsmidler	171
Innkjøpskostnad 31.12.2020	7 490
Avskrivningar og nedskrivningar per 01.01.2020	7 124
Ordinære avskrivningar i år	91
Avskrivningar og nedskrivningar per 31.12.2020	7 215
Bokført verdi 01.01.2020	194
Tilgang i året	171
Avskrivninger og nedskrivninger i år	91
Bokført verdi 31.12.2020	275

Økonomisk levetid							0-5 år
Investeringar dei siste 5 åra:	2016	2017	2018	2019	2020	Sum	
Bilar, inventar, kontormaskinar og liknande	119	184	145	0	171	619	

Kontormaskinar og administrative system blir avskrivne over 3 år. Inventar blir avskrive over 5 år. Gevinst og tap ved sal av driftsmidler går fram som differanse mellom salspris og bokført verdi basert på bedriftsøkonomiske avskrivningar.



Løpande leiekontraktar (1000 kr)

Leigeobjekt	Leige 2020
Bilar	0
Kontormaskinar	114
Sum	114

Bokført som operasjonelle leiekontraktar

Note 5 Skatt

Skattekostnad dette året	2020	2019
Resultatført skatt på ordinært resultat		
Skatt som skal betalast	60	77
For lite avsatt 2018		16
Endring i utsett skattefordel	305	-668
Skattekostnad ordinært resultat	365	-592
Skatt av årets resultat	0	0
Skatt på formue	60	61
Sum skatt i balansen som skal betalast	60	61

Skatteeffekten av førebelse skilnader og underskot til framføring som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av førebelse skilnader:

	2020	2019	Endring
Driftsmidlar	-95	-109	-13
Varebeholdning	-5 869	-6 701	-832
Fordringar	-1 782	-1 513	268
Vinst- og tapskonto	2 184	2 730	546
Sum	-5 562	-5 594	-31
Akkumulert underskot som kan framførast	-1 593	-2 949	-1 356
Grunnlag for berekning av utsett skatt	-7 155	-8 543	-1 387
Utsett skatt	-1 574	-1 879	-305

Note 6 Aksjar og verdipapirfond per 31.12.2020

Andre aksjar	Aksjekap	Eigardel %*	Pålydande	Aksjar (Tal)	Kostpris	Bokført
Aksjar i						
Dag og Tid A/S	1	2,2 %	0	1	25	25
Sum	1	0	0	1	25	25

* Eigardel = stemmedel

Verdipapirfond per 31.12.2020	Marknadsverdi	Bokført
DnB Likviditet	1 593	1 591
DnB Obligasjon	1 811	1 786
KLP aksjglobal index	2 683	1 200
Landkreditt forvaltning	10 220	7 988
Sum verdipapir	16 308	12 566
Totalt bokført aksjar og verdipapir		12 591

Note 7 Kundefordringar

	2020	2019
Kundefordringar til pålydande	9 152	5 850
Avsetning til tap	100	100
Balanseført verdi av kundefordringar 31.12	9 052	5 750
Endring i avsetning til tap	0	
Realiserte tap	0	146
Sum resultatførte tap på krav	0	146

Kostnadsført tap er klassifisert som annan driftskostnad i rekneskapen.
Alle kundefordringar forfell innan 1 år etter rekneskapsårets slutt.



Note 8 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innskutt eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Per. 31.12.2019	8 000	0	0	30 321	38 321
Endringer førte mot EK				0	0
Per 01.01.2020	8 000	0	0	30 321	38 321
Årets resultat				879	879
Per 31.12.2020	8 000	0	0	31 200	39 200

Note 9 Kreditt og sikring

Det er stilt trygd for alle mellomvære tilsvarende kr 6 000 000 i varelager og factoring.

Note 10 Varer

	2020	2019
Råmateriale	0	0
Varer i arbeid	150	27
Ferdigvarer	11 416	12 235
Ukurans	-9 918	-10 130
Nedskrivningar	0	0
Sum netto varelager	1 649	2 132

Note 11 Bundne bankinnskott, trekkrettar

	2020	2019
Skattetrekkmidlar	1 010	902
Depositum - leige	951	951
Sum	1 963	1 855



Verifikasjon

Transaksjon 09222115557442186429

Dokument

Årsrekneskap 2020 -Stiftinga Det Norske Samlaget til signering
Hoveddokument
11 sider
Initiert på 2021-02-17 23:20:55 CET (+0100) av Edmund Austigard (EA)
Ferdigstilt den 2021-02-18 13:44:01 CET (+0100)

Signerende parter

Edmund Austigard (EA) Stiftinga Det Norske Samlaget <i>e.austigard@samlaget.no</i> +4748201320 <i>Signert 2021-02-17 23:20:57 CET (+0100)</i>	Gunnar O. Hæreid (GOH) <i>fmsfgoh@fylkesmannen.no</i> <i>Signert 2021-02-18 07:58:06 CET (+0100)</i>
Erik Bolstad (EB) <i>bolstad@snl.no</i> <i>Signert 2021-02-18 13:44:01 CET (+0100)</i>	cecilie seiness (cs) <i>c.seiness@samlaget.no</i> <i>Signert 2021-02-18 11:57:29 CET (+0100)</i>
Bjarne Tormodsgard (BT) <i>Bjarne.Tormodsgard@hallingdolen.no</i> <i>Signert 2021-02-17 23:22:26 CET (+0100)</i>	Sigrun Høgetveit Berg (SHB) <i>sigrun.hogetveit.berg@uit.no</i> <i>Signert 2021-02-18 00:15:26 CET (+0100)</i>
Espen Udland (EU) <i>Espen@startsiden.no</i> <i>Signert 2021-02-18 06:57:47 CET (+0100)</i>	

Denne verifiseringen ble utstedt av Scrive. Informasjon i kursiv har blitt verifisert trygt av Scrive. For mer informasjon/bevis som angår dette dokumentet, se de skjulte vedleggene. Bruk en PDF-leser, som Adobe Reader, som kan vise skjulte vedlegg for å se vedleggene. Vennligst merk at hvis du skriver ut dokumentet, kan ikke en utskrevet kopi verifiseres som original i henhold til bestemmelsene nedenfor, og at en enkel utskrift vil være uten innholdet i de skjulte vedleggene. Den digitale signeringsprosessen (elektronisk forsegling) garanterer at dokumentet og de skjulte vedleggene er originale, og dette kan dokumenteres matematisk og uavhengig av Scrive. Scrive tilbyr også en tjeneste som lar deg automatisk verifisere at dokumentet er originalt på: <https://scrive.com/verify>





Til årsmøtet i Stiftinga Det Norske Samlaget

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Stiftinga Det Norske Samlaget sin årsrekneskap som er samansett av balanse per 31. desember 2020, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvísande bilete av stiftinga si finansielle stilling per 31. desember 2020, og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av stiftinga slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar informasjon i årsrapporten bortsett frå årsrekneskapen og den tilhøyrande revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvísande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein rekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

PricewaterhouseCoopers AS, Postboks 748 Sentrum, NO-0106 Oslo

T: 02316, org.no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap



Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til stiftinga si evne til å halde fram med drifta og på tilbørleg måte opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Vi viser til beskriving av revisor sine oppgåver og plikter på heimesida til Den norske Revisorforening (DnR): <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om forvaltning

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftingas formål, og elles i samsvar med vedtektene.

Oslo 17. februar 2021
PricewaterhouseCoopers AS

Eivind Nilsen
Statsautorisert revisor

Revisjonsberetning

Signers:

Name	Method	Date
Nilsen, Eivind	BANKID_MOBILE	2021-02-17 16:16

This document package contains:

- Closing page (this page)
- The original document(s)
- The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.



This file is sealed with a digital signature. The seal is a guarantee for the authenticity of the document.

